



Arkivnr: 2016/3311-8
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Rolla til kontrollutvala i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune ved samanslåing - Arbeidsmøte 2

Bakgrunn for saka:

Fylkestinga i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok 27. oktober 2017 oppfølging av Stortinget sitt vedtak om samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar. Saka vart først debattert i felles fylkesting før dei to fylkestinga gjorde eigne vedtak i saka. Dette vart gjort i sak PS 101/2017 med slikt vedtak:

«Med utgangspunkt i Stortinget sitt vedtak av 08.06.17 i høve regionreforma, Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar sin vedtekne intensjonsplan for samanslåing og inndelingslova sine krav, gjer fylkestinget følgjande vedtak:

- 1. Den nye fylkeskommunen sitt namn skal vere Vestlandet fylkeskommune.*
- 2. Det nye fylkestinget skal ha 65 medlemmer*
- 3. Fellesnemnda for samanslåingsprosessen mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar skal bestå av dagens to fylkesutval med til saman 24 medlemmer: 15 frå Hordaland og 9 frå Sogn og Fjordane. Nemnda får leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane. Varamedlemene til fylkesutvala skal også vere varamedlemmer til fellesnemnda.*

Fylkestinget vedtek med dette også det vedlagde reglementet for fellesnemnda.

- 4. Fellesnemnda for den vidare samanslåingsprosessen får i oppgåve å etablere eit partssamansett utval, underlagt nemnda. Fellesnemnda vedtek mandat og samansetting for utvalet.*

Tillegg til Reglement for fellesnemnda, punkt 14:

Fellesnemnda får mynde til å tilsetje administrasjonssjef, samt velje sekretariatsordning for kontrollutvalet, revisjonsordning og revisor.

- 5. I tillegg til dei fire lovpålagde vedtakspunkta over, stadfestar fylkestinget at formannskapsmodellen skal vere politisk styringsmodell i den nye fylkeskommunen.*

Ein legg elles til grunn at føreliggjande intensjonsplan vert følgd i det vidare samanslåingsarbeidet.
 6. *Fylkestinget sitt vedtak føreset likelydande vedtak i fylkestinget i Sogn og Fjordane.»*

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde tilsvarande vedtak i FT-sak 39/17.

Reglement for fellesnemnda vart også vedteke i saka. Høgre i Hordaland fylkesting gjorde der framlegg om ei endring i punkt 14. Endringsframlegget var:

14. Fellesnemnda får mynde til å tilsette administrasjonssjef, samt velje sekretariatsordning for kontrollutvalet, revisjonsordning og revisor.

Framstegspartiet la fram tilsvarande framlegg i Sogn og Fjordane fylkesting.

Framlegget frå Høgre vart samrøystes vedteke i Hordaland fylkesting i pkt. 4. Framlegget frå Frp vart samrøystes vedteke i Sogn og Fjordane fylkesting i pkt. 3.

Oppdatert reglement for fellesnemnda ligg ved saka som vedlegg 1.

Drøfting:

Dei to fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland vert altså slått saman med verknad frå 1. januar 2020. Samansettinga av fellesnemnda vart vedteke av begge fylkestinga 27. oktober 2017.

Inndelingslova § 26 inneheld føresegner om kva oppgåver fellesnemnda skal utføre i åra fram mot samanslåingsdatoen. Det står mellom anna at fellesnemnda skal ta seg av førebuinga av samanslåinga av dei to fylkeskommunane. Nemnda skal ta hand om det førebuarande arbeidet med økonomiplan og med budsjettet for det første driftsåret etter samanslåinga.

Det står også i § 26 i inndelingslova at fellesnemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga, noko som også omfattar val av revisjonsordning, val av revisor for den nye eininga og sekretariatsordning for kontrollutvalet. Dette skal vera etter tilråding frå kontrollutvalet. Inndelingslova er lagt ved saka som vedlegg 2. I og med at det står kan få fullmakt til å gjennomføre dette, var det naudsynt å få dette med i godkjenninga av reglementet for nemnda, noko som også vart gjort ved dei to fylkestingsvedtaka 27. oktober.

Sekretariatsordning for kontrollutvalet

Dei to fylkeskommunane har sekretariatsordning i eigenregi der dei tilsette i sekretariata er tilsette i fylkeskommunen. Hordaland fylkeskommune har eit sekretariat som består av fem tilsette, der sekretariatet sel tenester til kontrollutvala i 17 kommunar og eit kyrkjeleg fellesråd i tillegg til å vere sekretariat for fylkeskommunen. Sekretariatet i Sogn og Fjordane fylkeskommune består av ein tilsett, som har sekretariatsansvaret for fylkeskommunen. Sekretariata for kontrollutvala vil avstå frå vurderinga i spørsmålet om framtidig sekretariatsordning for den nye fylkeskommunen.

Revisjonsordning og revisor

Hordland fylkeskommune har revisjonsordning basert på konkurranse. Det er i dag Deloitte AS som er vald revisor for Hordaland fylkeskommune både når det gjeld rekneskapsrevisjon, selskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har rekneskapsrevisjon og selskapskontroll i eigenregi, og fylkeskommunen er medeigar i eit interkommunalt selskap. Fylkeskommunen har ein eigardel i Sogn og Fjordane revisjon IKS (SF revisjon) på 44,45%. Forvaltningsrevisjon kjøper Sogn og Fjordane

fylkeskommune av Deloitte AS, der fylkeskommunen har ein rammeavtale med Deloitte basert på konkurranse.

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune må handsame sak om eventuell samanslåing av tre «kommunerevisjonar» også. Til orientering for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, så går følgjande informasjon om prosess mv. fram av tilsvarande saksframlegg til kontrollutvalet i Sogn og Fjordane:

«Dei tre «kommunerevisjonane» i Sogn og Fjordane har sett i gang eit arbeid med samanslåing. Det er utarbeidd ein rapport etter arbeid i ei arbeidsgruppe beståande av revisjonssjefane i dei tre einingane. Arbeidsgruppa har kome med ei tilråding, som har vore handsama i styre for KRYSS revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord. Desse to er organisert som § 27 samarbeid etter kommunelova. Tilrådinga har også vore til handsaming hjå representantskapet i SF revisjon. I tilrådinga vert det bedt om at alle eigarane får handsama sak om samanslåing innan utgangen av 2017. Dei tre selskapa reviderer alle kommunane med unntak av to i tillegg til fylkeskommunen. Det vert tilrådd interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 som organisasjonsform for den nye eininga. Kontrollsjefen har i skrivande stund (6. november 2017) ikkje motteke protokollen etter representantskapsmøtet i SF revisjon, som var gjennomført 20. oktober.

Det vil vere krevjande for fylkeskommunen å gå inn for ei samanslåing med overgang til ei ny organisasjonsform på noverande tidspunkt. I og med at ei samanslåing av fylkeskommunane ligg so nært fram i tid, må det vere opp til fellesnemnda å få gjere vedtak om val av revisjonsordning og val av revisor for den nye eininga etter tilråding frå kontrollutvalet. Det vil så bli opptil fylkestinget å gjere vedtak om fortsatt å vere medeigar i det nye selskapet, eller å melde seg ut av samarbeidet. Dette er eit vedtak kommunerevisjonane og SF revisjon IKS ynskjer så tidleg som mogeleg, helst innan utgangen av inneverande år.

Etter noverande selskapsavtale med SF revisjon må oppseiing av deltakarforhold seiast opp med eit års skriftleg varsel. Uttreden kan berre skje 31.12. Dei andre eigarane skal varslast om eventuell uttreden 15 månader før uttredingsdato. Det vil med andre ord seie at dersom den nye fylkeskommunen vel å ikkje ha revisjon i eigenregi og fortsette deltakinga i SF revisjon, må dei andre eigarane varslast om dette innan 30. september 2018.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune må også handsame ei eigarskapssak om eigarskapen i SF revisjon, og den bør handsamast i april møtet, slik at prosessen for samanslåinga ikkje vert forseinka.»

Dette betyr at kontrollutvala snarast bør starte opp arbeidet med å vurdere ei revisjonsordning for den nye fylkeskommunen, slik at fellesnemnda får høve til å ta ei avgjerd i løpet av våren 2018.

Forvaltningsrevisjon

Begge fylkeskommunane har i dag planar for forvaltningsrevisjon som er gyldige ut perioden. Begge har hatt som arbeidsmetodikk å rullere denne planen midt i perioden. Rullering av noverande plan ville blitt tema i løpet av 2018 uavhengig av regionsreforma.

Det er viktig i dei neste to åra å vere samkøyrde på kva som vert gjennomført av forvaltningsrevisjon. Ein bør sjå på kva som er felles interessante område for denne revisjonen og ein kan gjennomføre fellesprosjekt dersom det er føremålstenleg. Det vil i alle fall vere nødvendig å tenkje på kva område som vil vere rett å få gjennomført forvaltningsrevisjon på dei første par åra, ut frå vurdering av risiko og vesentlegheit ved ei samanslåing av våre to fylkeskommunar.

Sekretariata vil, dersom kontrollutvala går inn for det, starte opp med eit fellesarbeid der vi går gjennom planane vi har i dag, ser på kva utfordringar vi sannsynlegvis får dei næraste åra, og utarbeider, gjerne i samspel med revisor, forslag til ein plan for perioden 2018 – 2020, eller til ny plan vert vedteken av det nye fylkestinget.

Det er mykje som tyder på at det vil vere føremålstenleg å gjennomføre fellesprosjekt i tida framover. Dette er ikkje eit enten/eller. Det kan vere at gjennomføring av eigne prosjekt i enkelte situasjonar kan vere rett og at gjennomføring av fellesprosjekt vil vere føremålstenleg i andre prosjekt. Eit eksempel på fellesprosjekt som kunne vore gjennomført er forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit, der det er gjennomført to like prosjekt i dei to fylkeskommunane med berre eit års tids mellomrom.

Sekretariata vil arbeide med forslag til eit fellesopplegg for plan for forvaltningsrevisjon i dei to fylkeskommunane dei næraste åra. Det bør vurderast utarbeiding av eigne planar som kontrollutvalet i den enkelte fylkeskommune handsamer og eventuelt sender vidare til eige fylkesting med tilråding.

Selskapskontroll

Selskapskontroll vert gjennomført enten som eigarskapkontroll av fylkeskommunen sin eigarskapsutøving eller forvaltningsrevisjon i det enkelte selskap der fylkeskommune er i posisjon til dette. Det gjeld primært i selskap som er heileig av fylkeskommunen eller eigd i lag med andre kommunar og/eller fylkeskommunar.

Selskapskontrollen går meir i retning av å vere individuell for kvar fylkeskommune, men der det er felles eigarskap kan det vere føremålstenleg å gjennomføre fellesprosjekt.

Det bør vurderast å gje sekretariata oppdrag med å gå gjennom planane for selskapskontroll for å vurdere om det er grunnlag for eventuell samkøyring av planverk eller prosjekt.

Kontrollutvala bør i fellesmøtet bli samde om ein framgangsmåte og prosess for dei områda som er omtala over.

Kontroll av fellesnemnda

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) skriv i dokumentet «Kommunereform – sjekkliste for revisor, kontrollutvalg og sekretariat pkt. 4.3) med vising til Ot.prop. nr. 41 (2000-2001) pkt. 8.2.3 følgjande:

«Når det gjeld folkevalt kontroll med verksemda i fellesnemnda, bør den liggje til den enkelte kommunen sitt kontrollutval, som kan føre kontroll på vegne av sin kommune. Dermed må revisor rapportere til alle dei aktuelle kommunane/fylkeskommunane.»

Dette tilseier at kontrollutvala har eit ansvar for kontroll av fellesnemnda på vegne av fylkestinget. Protokollane etter møta i fellesnemnda bør sendast til sekretariatet og revisor. Det bør også vurderast i kva grad kontrollutvala bør vere representert i møta i fellesnemnda.

Kontroll av noverande fylkeskommunar

Kontrollutvala må føre kontroll med eiga fylkeskommune, spesielt med tanke på internkontroll. Det er avgjerande å føre ein kontroll med at fylkeskommunen leverer kvalitetsmessig gode tenester til innbyggjarane trass i omorganiseringsarbeidet som vil pågå dei næraste åra.

Forslag til framdriftsplan

Det er utarbeidd forslag til ein framdriftsplan som er vedlegg 3 til saka.

Konklusjon:

Fellesnemnda har fått i oppdrag å vedta revisjonsordning og val av revisor til den nye eininga. I tillegg har fellesnemnda fått ansvar for val av sekretariatsordning for kontrollutvalet i den nye fylkeskommunen. Slik sekretariatet ser det er dette dei viktigaste oppgåvene framover:

- Val av revisjonsordning vil vere det som hastar mest på grunn av den pågåande samanslåinga av SF revisjon med dei øvrige kommunerevisjonane i Sogn og Fjordane. Det er viktig at fellesnemnda får ei tilråding så snart som mogeleg slik at dei får gjere eit vedtak i denne saka. Tilråding skal kome frå kontrollutvala i dei to fylkeskommunane. Arbeidet med val av revisjonsordning bør startast no.
- Val av sekretariatsordning kan kontrollutvala starte opp no.
- Val av revisor må kome i etterkant av at val av revisjonsordning er tatt.
- Arbeid med planverket for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll kan kontrollutvala be sekretariata om å starte opp i nær framtid.

Det vert elles vist til forslag til framdriftsplan.

Forslag til vedtak

Det vert ikkje lagt opp til å gjera vedtak i saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Reglement for fellesnemnda (27.10.2017)
- 2 Inndelingslova
- 3 Framdriftsplan regionsreforma